



Espen Rognsvåg og Håvard Austevoll ute på nest siste post på siste etappe. Håvard i ferd med å rykka frå Espen (foto: Os orienteringsklubb)

## Kompisduell på Gullbotn

Espen Rognsvåg og Håvard Austevoll løp kvar si sisteetappe då Os orienteringsklubb stilte heile tre lag i Kompisstafetten på Gullbotn i helga.

Av: [Andris Hamre](#) Onsdag, juni 8, 2016 - 09:10

Den relativt nystarta orienteringsklubben held fram med å imponera. I helga stilte klubben med heile tre lag i Kompisstafetten i Samnanger.

– Aldri har så mange vist seg fram i den nye klubbdrakta. Den erfarne Gularløparen Arne Johannesen, som òg løp på vinnarlaget til Gaular, trudde nesten ikkje på oss då vi fortalde at vi stilte tre lag, fortel leiar Tommy Sævareid.

### Debutanten imponerte

I stafetten stiller laga med fem løparar i alle aldre, frå skulealder til nær pensjonistalder. Både jenter og gutter løper på same lag i det 15 kilometer lange løpet i tøft skogsterreng.

– Mest imponerende var debutanten Håvard Austevoll som sprang siste etappa for 3. laget, men alle gjorde veldig gode løp og vi klarte målsettinga om å fullføra med tre lag.

### "Alltid" bak neste topp

Sævareid fortel at løpet gjekk i nydeleg vêr, men at det var varmt for løparane på Gullbotn.

– Samanger som arrangerte løpet er kjend for sine tøffe løyper med mange høgdemeter. Neste post er "alltid" bak neste fjelltopp, seier Sævareid som er nøgd med 17. plass som beste plassering.

På dei tre laga løp Nikolai Pontoppidan, Steinar Danielsen, Matias Døsen Pontoppidan, Ove Frotvedt og Espen Rognsvåg for 1. laget som kom inn på 17. plass med tida 2.54.28. Anita Lindvik-Sævareid, Turid Rognsvåg, Siv Øvrebotten Lien, Marie Pontoppidan og Ole-Håkon Sælen løp 2. laget inn til 24. plass på tida 3.18.06. Tredjelaget løp inn til 26. plass med tida 3.20.51. På laget løp Ingvar Lindvik Auflem, Tommy Sævareid, Sigrid Aarbakke, Rolf Nord og Håvard Austevoll.

Vann gjorde Gular på 2.12.56.

0 kommentarer

Sorter etter Eldste ▾